

# Årsmelding for 2023

## Medlemstal

Ved nyttår hadde sogelaget eit totalt medlemstal på 275. I 2023 hadde sogelaget ingen medlemmar i tilgang, og 21 medlemmar i avgang.

## Styret

Ved årsmøtet 23. mars 2023 vart styret som følgjer:

Leiar:	Morten Øveraas (ny for eitt år)
Styremedlemmar:	Marit Gjermundnes (ny for to år)
	Tore Tomren (attval, for to år)
	Liv Signy Gjeitnes Hellen (ikkje på val)
	Jørn Inge Frostad (ikkje på val)

Frå årsmøtet 2023 til årsmøte 2024 hadde hovudstyret seks styremøte. Ved nokre tilfelle har andre relevante personar vorte inviterte. Styret har elles hatt kontakt via telefon og e-post etter behov. Heimesida og Facebook-sida har vorte oppdaterte med jamne mellomrom. Gjennom året har laget arbeida med innsyn og vurdering av manuskript etter det ufullførte bygdebokprosjektet i kommunen. Sogelaget har også arbeida opp mot Nasjonalbiblioteket for å gjere digitalt tilgjengeleg skrifter frå og om Vestnes. Dette arbeidet held fram i komande driftsår. Fotogruppa har i hovudsak arbeida med bakgrunnsinfo for bilete, samt planar for vidare arkivering og digitalisering. Sjå eiga melding for aktiviteten til skriftstyret.

## Aktivitetar 2023/2024

**23. mars.** Årsmøte vart halde på Vestnes folkebibliotek. Til saman 25 personar møtte fram. Vanlege årsmøtesaker, samt vedtak om tillegg i vedtekt, paragraf 6. Ingen andre innkomne saker eller innspel. Etter møtet heldt Bernt Gjelsten foredraget «Barnegjetinga i Noreg».

**26. april.** Foredrag med Åsta Vadset på Vestnes bibliotek. Vadset er tilsett ved Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal og heldt foredrag om sanitetskvinnelaga, og arbeidet ho og IKAMR gjer med å arkivet etter desse organisasjonane.

**17. juni.** Leiar heldt foredraget «Skuleverket før og etter 1860» i samband med opninga av Vike skulemuseum.

**19 juni.** Møte mellom sogelaget og inviterte personar som har vore involverte i det kommunale arbeidet med bygdebøker i Vestnes kommune. Agenda for møtet var å undersøke og drøfte status for ikkje-publiserte manuskript. Det kom fram at det finst unike primærkjelder som sogelaget ønskjer å digitalisere.

**19. oktober.** Fotokveld på ungdomshuset Ljosvang. Fotogruppa presenterte om lag 50 eldre bilete frå heile kommunen. Dei om lag 80 frammøtte vart oppfordra til å dele informasjon om folk og hendingar.

**8. november.** Leiar heldt foredraget «Norsk nasjonsbygging frå 1770 til 1945 – landsdekkjande prosjekt og lokale døme» for Vestnes pensjonistlag.

**17. november.** Leiar publiserte lesarinnlegg med samanfatning av årets aktivitetar. Trykt i lokalaviser.

**22. november.** Lansering av nytt årsskrift på Vestnes bibliotek. Presentasjonar av skriftstyret og artikkelforfattarar. I etterkant av boksleppet var det pakkedugnad same stad. Styret hadde inngådd avtale med Per Bjørn Ellingseter som gjorde alt i stand før dugnaden. Bøkene vart pakka og delt ut til medlemmar med hjelp av frivillige.

**5. desember.** Opning av utstillinga «Ivar Brovold – Ein demokratisk og lokalhistorisk føregangsmann» på Vestnes bibliotek. I denne samanheng kåseri av Einar Baltzersen kåseri og foredrag av sogelagets leiar.

### **Økonomi/budsjett**

Resultatet for 2023 enda med overskot på kr. 33 750. Mykje av grunnen for overskotet er reduserte trykkekostnader ved bytte av trykkeri for årsskriftet. Auking av kontingent og pris på årsskriftet har også bidratt i overskotet, noko som har dekt opp for nedgangen i betalande medlemmar. Utgifter til diverse arrangement har i stor grad vorte dekt inn av gåver og anna støtte. Som tidlegare vil budsjettet gå med til utgifter i samband med arrangement og produksjon av årsskrift. Alt i alt er den økonomiske situasjonen i laget god.

Vestnes, 28. februar 2024

Marit Gjermundnes, Liv Signy Gjeitnes Hellen, Jørn Inge Frostad, Tore Tomren og Morten Øveraas